

Kartverket
Christian Mathiesen
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.
06/04993-131

Vår ref.
24/677-3/LLH



Dato
04.07.2024

Valle kommune – namnesak 2024/104 – Homme-/Homm-/Homms- /Homs- – tilråding


Kartverket har, etter ønske frå Språkrådet, reist namnesak på nokre namn i Valle kommune. Kommunen har gjennomført høyringsrunde, og har sendt dei to innkomne fråsegnene til Språkrådet. Kommunen har ikkje gitt noka eiga fråsegn i saka.

Namna er ikkje registrerte i Heradsregisteret eller i registreringsverktøyet til Språkrådet.

Nr.	Namn	Objekttype og evt. gnr/bnr	Saksopplysningar, høyringsfråsegner og tilråding
1	Hommelunden	Gard (28)	<i>Norske Gaardnavne</i> har oppslagsforma <i>Hommelunden</i> og uttalen <i>h, o`mmelunden</i> [-londenn]. Eldre skrivemåter er <i>Lunderhuus</i> (1595?), <i>Homme</i> (1610, 1611?), <i>Lundenn</i> (1626) og <i>Hommelunden</i> (1668, 1723). «Gaardnavnet brukes ikke, idet man til nøiagtigere Angivelser i Dagligtalen anvender de saakaldte Stuenavne (et for hver Eier), som ikke findes i Matrikelen, og i Underskrift og i Dagligtalen som Grændenavn bruger Homme, udt. (vexlende efter Dialektens Regler for Sætningsbetoningen) Haamm eller Haa`mmi; dette gjelder GN. 28-31 tilsammen. Dette Homme er det samme, som (se "Forsvundne Navne") 1547 nævnes som Gaardnavn i Homæ og 1559 (i en fra andre Landsdele laant Lydform) paa Qvamme. Homme, udt. Haamm, er opr. Dat. og Haamm opr. Akk. af Homm, Dialektens Form af oldn. hvammr m., der sædvanlig pleier at have Betydningen: kort Dal omgiven af Høider (Indl. S. 57), men i Sætersdalens Fogderi (hos Ross anført fra Mandalsdalen) i Betydningen: Skogholt eller skogbevoxet Havnegang. Beliggenheden kan her vanskelig tilstede Muligheden af, at Navnet er givet med den Betydning, det andensteds pleier at have. Da Gaarden synes at være gammel, er det derfor tvivlsomt, om den

			<p>Betydning, Ordet Homm har i Dialekten her, som Ross antager, kan være paavirket af holmr, holmi, i dets Dialektform uden l».</p> <p>Bustadnamnregisteret (1957) har oppslagsforma <i>Hommelunden</i> og uttalen /hømm/. Grendenamnet er ikkje tatt med i saka, men Kjell K. Homme skriv «HOMM - grendenamnet hev allstøtt vorte uttala slik. Norrønt/gamalnorsk: hvammr = kvam, som fortel om landskapsform».</p> <p>Bygdeboka (band V, Alfred Ryningen 1987) har oppslagsforma <i>Hommelunden</i>, og skriv «Hommelunden og Gråmannshus utgjer til saman Nørdre Homme eller Nordigard [...] Skrivemåten har stundom vore Hommelunden og stundom Homelunden eller -lundenn. Nokon uttale av namnet er det ikkje særleg grunn til å gjeve opp, sidan det helst ikkje vert nytta i daglegtaalen».</p> <p>Tilråding: Sidan gardsnamnet tydelegvis ikkje er nytta, meiner vi at det bør stå som Historisk i SSR. For dei einskilde bruksnamna tilrår vi daglegnamna, sjå nedanfor.</p>
2	Hommelunden Innistog	Bruk (28/1)	<p>Eigar (Knut K. Homme) nyttar skrivemåten <i>Innistog Hommelunden</i> i si fråsegn.</p> <p>Bustadnamnregisteret (1957):</p>  <p>I bygdeboka har bnr. 1 oppslagsforma <i>Innistog</i>.</p> <p>Tilråding: Innistog</p>
3	Hommelunden Nistog	Bruk (28/2)	<p>Bustadnamnregisteret (1957):</p>  <p>I bygdeboka har bnr. 2 namnet <i>Nistog</i>.</p> <p>Tilråding: Nistog</p>

4	Hommelunden Tårstog	Bruk (28/3)	<p>Bustadnamnregisteret (1957):</p> <p>Torstog 28,3 96035 Va</p> <p><i>Tårstog</i></p> <p>Dagleg namn på bnr.3.I matr. = Hommelunden. Mannsn. Tor,utt.</p> <p>I bygdeboka har bnr. 3 namnet <i>Tårstog</i> og merknaden «Namnet er noko uvanleg – er fyrstelekken ei avstytt form av mannsnamnet Tarald, tru? (-I målføret er uttalen av det /tå`rål/). Ein kunne i tilfellet tenkje seg at Tarald Vrålsson, den fyrste bonden me veit om på denne delen av garden, kunne vere opphavet–».</p> <p>Tilråding: Tårstog i samsvar med uttalen. Denne skrivemåten bind i mindre grad forleddet til eit bestemt mannsnamn, sidan opphavet er usikkert.</p>
5	Hommelunden Brubakken	Bruk (28/6)	<p>Bustadnamnregisteret (1957):</p> <p>Brubakkjen 28,6</p> <p><i>brubakkjen</i> <i>i brubakka</i></p> <p>Dagleg namn på bnr.6.I matr. = Hommelunden. <i>Ved bru over kvæstet.</i></p> <p>I bygdeboka har bnr. 6 namnet <i>Brubakken</i>.</p> <p>Tilråding: Brubakken</p>
6	Hommelunden Systog	Bruk (28/7)	<p>Bustadnamnregisteret (1957):</p> <p>Sudstog 28,7 96039 Va</p> <p><i>süstog</i></p> <p>Dagleg namn på bnr.7.I matr. = Hommelunden.</p> <p>I bygdeboka har bnr. 7 namnet <i>Systog</i>.</p> <p>Tilråding: Systog</p>

7	Hommehaugen	Gard (30)	<p><i>Norske Gaardnavne</i> har oppslagsforma <i>Hommehaugen</i>, men skriv at namnet ikkje blir nytta: «Navnet erstattes af det fælles Navn Homme og «Stuenavne», der i Omfang svarer til Matriklens Brugsnavne, se Anmærkningen ved GN. 28». Eldre skrivemåtar er Backehus (1595), Hougenn (1626) og Hommehougen (1668, 1723).</p> <p>I bygdeboka er oppslagsforma <i>Hommehaugen</i>, men vidare står det «Garden høyrer til Syndre Homme, eller Sygard, saman med Svalestoga. Liksom Svalestoga er Hommehaugen au helst eit papirnamn. Sjå elles bolken «Homme» om lægjet og tyding av namnet. Skrivemåten av namnet ned gjennom dansketidi har stort sett veksla mellom Hougenn og Hommehougen, dessutan finst frå 1590åri formi <i>Backehuus</i>. Det namnet har me ikkje funne i nyare tid».</p> <p>Tilråding: Sidan gardsnamnet tydelegvis ikkje er nytta, meiner vi at det bør stå som Historisk i SSR. For dei einskilde bruksnamna tilrår vi daglegnamna, sjå nedanfor.</p>
8	Hommehaugen Oppigard	Bruk (30/1)	<p>I bygdeboka har bnr. 1 oppslagsforma <i>Oppigard</i>.</p> <p>Tilråding: Oppigard</p>
9	Hommehaugen Haugan	Bruk (30/2)	<p>Ketil A. Homme skriv at rett skrivemåte er <i>Haugo</i>, ikkje Haugan.</p> <p>Bustadnamnregisteret (1957):</p>  <p>Dagleg namn på bnr.2.I matr. = Graamanshus. 1875 Haugo, hpl. Denne plassen hadde også klengenamnet Lillesand. Plassen var nokså vesal og fattigsleg.</p> <p>I bygdeboka har bnr. 2 oppslagsforma <i>Haugan</i>.</p> <p>Tilråding: Fråsegna kan tyde på at namnet har fått det som no må reknast som ei stivna dativform, jf. òg forma <i>Haugo</i> frå 1875 på arkivkortet. Vi tilrår difor skrivemåten Haugo.</p>
10	Hommehaugen Rota	Bruk (30/3)	<p>Bustadnamnregisteret (1957):</p>

			<p>Sudistog 30,3 76058 va</p> <p><i>Systog</i></p> <p>Dagleg namn på bnr. 3. I matr. = Grasmandshus. No er bustaden flytta frå denne staden til Rota.</p> <p>I bygdeboka har bnr. 3 oppslagsforma <i>Ròta</i>. «Bruket skifte namn i samband med at husi laut flytjast då det var utskifting i Homme i 1877-79. Det gamle namnet var Systog».</p> <p>Tilråding: Rota</p>
11	Hommsli	Li	<p>Knut K. Homme: «HOMMSLI - heiter skogslie under Hommfjødd».</p> <p>Tilråding: Homsli med éin m i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp</p>
12	Homfjellet Hommsfjødd Hommfjødd	Fjell	<p>Knut K. Homme: «HOMMFJØDD - er namnet på fjellet som strekkjer seg frå Laugardalen til Einang».</p> <p>Tilråding: Homfjødd med éin m i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp, skrivemåten <i>-fjødd</i> i samsvar med uttalen. SSR har registrert både <i>-fjell</i> og <i>-fjødd</i> som etterledd i Valle, men flest <i>-fjødd</i>. Fleire namn er registrerte med begge skrivemåtar, og det varierer om det er <i>-fjell</i> eller <i>-fjødd</i> som står som prioritert form.</p>
13	Homsåni Hommsåne	Elv	<p>Knut K. Homme: «HOMMSÅNE - eller KVINNÅNE - er elvi som renn frå Stavatn og Laugardalen og ut i Otra (Storåne). KVINNÅNE er den lokale uttalen (namnet) som me brukar her i Homm».</p> <p>I bygdeboka er skrivemåtane <i>Hommsåne</i> og <i>Kvinnåne</i> nytta.</p> <p>Tilråding: Både Homsåne (éin m i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp) og Kvinnåne bør stå som namn på elva i SSR. Endinga <i>-ne</i> i samsvar med dialektuttalen, jf. punkt 4.1.5 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.</p>

Vennleg helsing

Rune Røsstad
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Line Lysaker Heinesen
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kartverket

Postboks 600
Sentrum

3507

HØNEFOSS

Kopi til:

Rune Røsstad